

Skagen kraftverk vart bygd for ca. 50 år sidan, det er utenkeleg at dette kunne blitt gjort på same måten i ei lakseelv i dag, utan krav om mistevassføring framom stasjonen, og heller ikkje omløpsventil i kraftverket. Det siste ville ha hindra stranding og fiskedød ved stopp i kraftverket.

Luster Jakt og Fiskelag har vore opptekne av konsekvensane ei eventuell bygging av Øyane kraftverk vil ha for fisken i den anadrome delen av Fortunselva. NJFF Sogn og Fjordane leverte og ein høyringsuttale til NVE i 2009.

Problemstillingane i vassdraget er mange både ovom og nedom eksisterande kraftverk, ei eventuell utbygging i Øyane får først og fremst innverknad på tilhøva ovom Skagen.

Rådgivende biologar har gjort undersøkingar og lagt fram rapportar i mange år. Ovom kraftverket seier dei litt forsiktig at: " På denne strekninga er det ikkje pålegg om minstevassføring, og her kan vassføringa bli svært låg, under 50 liter/sek. om vinteren. Det er sannsynlig at vassføringa i slike periodar er ein flaskehals for overleving og produksjon av fiskeungar, i alle høve på deler av strekninga." Dette er godt dokumentert med bilder og video tekne av Leidulf Veka.

I KU for Øyane kraftverk heiter det at " Det er mulig for laks og sjøaure å vandre helt opp til Øyane, men på grunn av lite vann utnyttes ikke området som gyteområde for laks. Sjøaure kan vandre ca 800 m. forbi planlagd kraftverksutløp." " Tiltaket vil føre til at forholdene for fisk blir forverret ved Øyane."

Hydro si vurdering av kva dette har å seia er: "Tettheten av fisk langs anadrom strekning i tiltaksområdet er lave, og området er ikke viktig for produksjon av fisk i vassdraget. Redusert vannføring vil forringe og til en viss grad ødelegge levevilkårene for fisk nedstrøms inntaket. Restvannføringen vil bidra til å opprettholde levevilkår for fisk. Samlet sett vurderes konsekvensen for fisk å være liten – middels negativ."

Me ser på uttalen som ei bagatellisering av eit stort problem. Årsaka til at her er lite fisk i dag er sjølvsagt tidlegare utbygging. JFL meiner at det må vera eit ufråvikeleg krav at denne strekninga vert restaurert i samband med ny konsesjon i 2017. Eit eventuelt Øyane kraftverk vil gjera dette arbeidet vanskeleg og meir omfattande enn utan utbygging.

Rådgivande Biologar peikar i sine rapportar på at låg temperatur om sommaren er eit problem, særleg for laks. Dette gjeld særleg nedanfor eksisterande kraftverk, men og til tider framover i dalen. Det er gjort temperaturmålingar ved planlagd inntak og utslepp for Øyane kraftverk som viser ei temperaturstigning på ca. 1,6 C på denne strekninga om sommaren.

Dette er eit svært viktig poeng å ta med seg både når ein vurderer ei eventuell utbygging, og når det gjeld ei eventuell minstevassføring. I KU står det ei temperatursenking på ca. 0,5 – 1C, men det er snittet i eit år og heilt uinteressant. Bortsett frå om sommaren har ein ikkje oppvarming av vatnet på grunn av lufttemperatur og solvarme. Det som er viktig er

temperaturen om sommaren, når yngelen skal ta til seg mat og veksa. Rådgivande biologar seier ” ”. I den perioden lakseyngelen kjem opp av grusen, Swim up, bør temperaturen vera over 9C for at denne faktoren ikkje skal vera avgrensande for produksjonen. Aureyngel overlever ved betydeleg lågare temperatur enn laksen”.

Snitttemperaturen ved inntaket i perioden 15. juni til 15 juli ligg på 7,46C, dersom vatnet går i tunell har det denne temperaturen når det kjem ut frå kraftstasjonen og, altså godt under den grensa ein har for redusert lakseproduksjon, og berre 0,5C over det som vert rekna som nedre grense for at lakseyngel i det heile overlever (7C). Derifrå og halvvegs ned til Skagen stig temperaturen berre ca 0,2 C, problemet vil altså fortsetja nedover dalen.

I høyringsuttalane til Øyane kraftverk har mellom andre Fylkesmannen peika på at der bør byggast omløpsventil. LJF kom med ein tilleggsuttale etter høyringa, og omløpsventil vart ikkje nemnt av di me rekna det som sjølvsgatt. Det stå og i ”Tiltaksplan for Fortunselva, Utkast 2012 ” utarbeidd av SWECO for Hydro, at ” **Dersom kraftverket og avløpskanalen blir bygd på rett måte kan det etablerast eit øvre gyte- og ungfiskområde i avløpskanalen frå kraftverket. Kraftverket må i så fall kunne kjøra gjennom vatn sjølv om turbinen står.** ”

I Hydro sin kommentar til Høyringsuttalane heiter det at ”Behovet for omløpsventil for å redusere stranding av småfisk ved brå avslag mener vi ikke er relevante for dette vassdraget, fordi det i elva nedenfor utløpet er mye blokkstein og relativt bratte elvekanter”.

Dette tykkjer me er ei tvilsom og overaskande småleg vurdering, som indikerer at Hydro tar tilhøva for fisk **lite alvorleg**. Under vanlege forhold vil utfall av eit eventuelt kraftverk føra til ein periode med sterkt redusert vassføring og fiskedød eit godt stykke nedover. Dette punktet trur me ikkje at dei uansett vil sleppa unna ved ei eventuell utbygging, men viser haldninga.

Det verste alternativet ved ei eventuell utbygging er at det i samband med revisjonen av Skagen kjem krav om minstevassføring, og vatnet vert henta på Fivlemyr. Der er det slamrikt brevatn, og dette fører utvilsomt til ei ytterlegare senking av temperaturen. Begge desse faktorane er svært uheldige, og vil slik me ser det rasera Fortunselva som sjølvrekrutterande lakseelv. Me vil derfor så sterkt me kan oppmoda om at dersom Kommunestyret går inn for utbygging krev at restvassføringa kjem frå Middalen.

For vår del tykkjer me at tihøva for fisk har blitt sterkt bagatellisert både av Hydro og NVE fram til no.

For Luster Jakt og Fiskelag

Olav Hermansen